

Saksprotokoll

Organ: Kontrollutvalet

Møtedato: 22.05.2018

Sak nr.: 17/9221-9

Internt l.nr. 28278/18

Sak: 22/18

Tittel: Rullering av plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 - Prosessmøte

Behandling:

Forslag til vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 24.05.2018 for vidare handsaming i møte 04.06.2018, eventuelt at den vert lagt fram i møtet.
3. Revidert plan skal danne grunnlag for felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.

Handsaming i møtet:

Forvaltningsrevisor i Deloitte, Frode Løvlie, presenterte resultatet av det arbeidet dei har gjort for å kartlegge endringar i risikobilete i Sogn og Fjordane fylkeskommune og som skal danne grunnlag for rullering av planen. Vidare leia han ein prosess der kontrollutvalet kom fram til dei endringane som må gjerast i gjeldande plan.

Det vert vidare lagt opp til å ha eit felles video-møte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune 04.06.2018 der m.a. rullering av plan for forvaltningsrevisjon skal vera eit tema.

Avrøysting:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til endringane som må gjerast i plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 – 2020 for Sogn og Fjordane fylkeskommune, som resultat av endra risikobilete.
2. Revidert plan vert å sende sekretariatet innan 24.05.2018 for vidare handsaming i møte 04.06.2018, eventuelt at den vert lagt fram i møtet.
3. Revidert plan skal danne grunnlag for felles prosessmøte med kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune.